

07.12.2009

Mest piggdekk i Uskedalen



Lars Myklebust og Christian Stensletten presenterar dei to alternativa. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Også Auto 88 i Uskedalen sel meir og meir piggfrie dekk, men overgangen går seint. Framleis sel dei mest piggdekk, truleg rundt 70 prosent. Det opplyser Lars Myklebust til uskedalen.no ved overgangen til ein ny vintersesong.

- Og kva er forklaringa på at folk her i bygda ikkje har gått over til piggfritt i større grad?
- Det er rett og slett at folk kjenner seg tryggare med piggdekk. Ein skal hugsa på at det berre er riksvegen her som blir salta, på dei andre vegane er det framleis tildels glatt i vinterhalvåret.
- Så du gjer kundane råd om å bruka piggdekk?
- Nei, sjølv sagt må bilistane bestemma det sjølve. Men hvis dei er i tvil, bør dei nytta piggdekk. Og hvis dei vel piggfritt, må dei i alle fall satsa på kvalitetsdekk, understrekar Lars Myklebust og seier med det at det er ymse kvalitetar på marknaden.

Per Åke Lyngnes i Matre, som leverer dekk over heile Kvinnherad, opplyser til HusnesNett at prosenten av dei som kjøper piggfrie dekk hos han har auka frå 35 i fjor til 40 i år. Men Lyngnes hevdar at 90 prosent av trafikken

går føre seg på bar veg store deler av vinteren. Han lokkar ingen til å køyra piggfritt, det må bilistane finna ut av sjølve.

Ronny Teigen ved Husnes Pit-Stop Service opplyssar at 50 prosent av deira kunder kjøpar piggdekk. Han meiner at dekk med piggar gjev litt falsk tryggleik og gjev dessutan därlegare grep på bar veg enn heilårsdekk.

Han legg til at piggdekk heilt klart er det beste på isete vegbane, men ikkje nødvendigvis på snøføre.

- Så sant du kan parkera bilen din dei få dagane det er klinkis, bør du køyre piggfritt, seier Teigen.

Av Ola Matti Mathisen